

Lite å finne i sjøen ved Sørstrand

Froskemann- arkeologane frå Bergen Sjøfartsmuseum fann ingenting som vert omfatta av lova for kulturminne, då dei dukka utanfor Sørstrand. Dei fann berre nokre mindre vesentlege spor i strandsona.

Museet har dermed ingen innvendingar til reguleringsplanen som no vert laga for den nye folkeparken ved flyplassen i Florø.

Florø får fullverdig redningsstasjon

Med opptil 40 arbeidsplassar

FLORØ: – 330-skvadronen sin base i Florø skal bli ein fullverdig base. Det stadfestar avdelingsdirektør i Justisdepartementet Ole Hafnor.

DAVID E. ANTONSEN
david@firdaposten.no

I dag er basen i Florø eit såkalla detasjement. Det vil seie at mannskapet kjem frå andre baser, og rullerer vakter i Florø. Det er også berre eitt redningshelikopter ved basen. No blir det to.

Byrjar i 2016

Oppgraderinga av basen i Florø har samanheng med at Regjeringa no går for å kjøpe nye 16 redningshelikopter. Desse skal erstatte Sea King-maskinene, som stammar frå tidleg på 70-talet. Totalt, med reservedelar, hangarar, basar og landingsplassar vil dette koste 16,8 milliardar kroner.

– Forhåpentlegvis vil vi starte

innfasinga i 2016. I løpet av fire år reknar vi med å få fasa inn alle basane. I kva rekkefølge vi fasar inn dei ulike basane, er enno ikkje bestemt, seier avdelingsdirektør Ole Hafnor ved Rednings- og beredskapsavdelinga i Justisdepartementet.

Dei 16 nye helikoptera skal erstatte dei tolv helikoptera som er ved dei seks faste basane som er i dag. To av dei fire som er «til overs» går til basen i Florø.

40 nye arbeidsplassar

– Først og fremst tyder dette at fleire vil ha sin faste arbeidsplass i Florø. Ein base har 40 arbeidsplassar, inkludert flygarar og teknikarar. Det tyder også at logistikken og planlegginga vil bli enklare internt.

Det seier basesjef ved 330-skvadronen i Florø, Erland Karlsson.

Det å ha to helikopter i Florø tyder først og fremst meir smidigare backup, om noko skulle vere teknisk galt med den eine maskina ved basen. Men Karlsson

legg til at beredskapen i seg sjølv er god i dag.

– Beredskapen er 100 prosent. Vi har 15 minutt beredskap, og har personell som bur på basen. Men det er klart, vi kjøper oss eit betre og kjappare system, seier han.

– Kjempeglade

– Vi har håpt på dette lenge, så vi er sjølvsagt kjempeglade for at det no blir ein fullverdig base i Florø. Dette er veldig positivt, seier ordførar Bente Frøyen Steindal.

Dette er ei sak det har vore arbeid med sidan Kolbjørn Dyrli sat i stolen hennar.

– Eg samarbeidde også mykje med Reidar Sandal då han sat på Stortinget og arbeidde for å få basen på plass. Det arbeidet får vi betalt for no, seier ho og legg til at den fullverdige basen i Florø er positivt på fleire måtar.

– Det tyder at fleire vil etablere seg her i Florø, og ikkje minst at tryggleiken langs kysten vil bli styrka monaleg, seier ho.



FULLVERDIG: Florø får no ein fullverdig redningsbase med to helikopter, i staden for berre eitt.

– Dette fører til betre tryggleik

FLORØ: Jacob Nødseth (H) meiner ein fullverdig base i Florø er eit veldig viktig steg mot betre tryggleik langs kysten.

Nødseth tok opp spørsmålet om ein fullverdig base med Justisminister Knut Storberget, under Stortingets spørjetime i oktober i fjor.

– Då var ministeren kritisk til dette. Sjølv om det er eit paradoks er det svært gledeleg at han har snudd i saka. Dette viser at det nyttar å leggje press på

Regjeringa, seier Nødseth og legg til:

– For oss her på Vestlandet tyder det at Florø får ein fullverdig base først og fremst betre tryggleik, med at ein no har to helikopter disponible om ein får tekniske problem med eitt av dei, seier han.

Og det er ikkje minst positivt at det kan føre med seg fleire faste arbeidsplassar i Florø.

– Dette vil ha enorm betydning for miljøet kring flyplassen, som allereie er i ei rivande utvikling. Dette vil styrke miljøet betraktleg, seier Nødseth.



Jacob Nødseth (H)

Men han understrekar at det viktigaste oppi dette er tryggleiken som no blir betra, så kjem fleire arbeidsplassar som ein god nummer to.



LEIARAR: Prosjektleiar i Flora er inspektør Hedvig Abrahamsen ved Flora ungdomsskule, medan assisterande rektor, Hallgeir Hamre, Førde ungdomsskule, er prosjektleiar i Førde. Dei fortel om gode tilbagemeldingar frå elevar, foreldre og lærarar.

God overgang til VGS med Ny GIV

FLORØ: 43 tiandeklassar har delteke i overgangsprosjektet Ny GIV i Førde og Florø i vår, melder Sogn og Fjordane Fylkeskommune

SOLVEIG HESVIG FRØYEN
redaksjon@firdaposten.no

Ny GIV er eit nasjonalt prosjekt i regi av Kunnskapsdepartementet og har som mål å gjere overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring lettare. Det skal fange opp og hjelpe elevar som får

svake faglege resultat og som slit med motivasjonen. Elevane vert gjevne ekstra individuell oppfølging som skal hjelpe dei til å gjennomføre vidaregåande skule. Dette vert mellom anna gjort med ekstra lærar i timane og gruppeundervisning.

– Noko av det ein ønskjer å få til med Ny GIV, er å finne nye måtar å organisere undervisninga på og få til gode kulturar for tilpassa opplæring, seier prosjektleiar Sissel Espe, som meiner skuleleinga og lærarane har komst raskt i gang

med prosjektet og allereie fått til gode løysingar. I Flora, er leiar for prosjektet inspektør Hedvig Abrahamsen ved Flora ungdomsskule. I sommar har elevane dessutan fått tilbod om sommarkurs og sommarjobb. Espe fortel at dette er for at dei skal få prøve seg i arbeidslivet og få ei meistringskjensle, samt ha eit aktivitetstilbod i overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande.

Prosjektet er treåring, men ein håpar å få til ei bærekraftig løysing utover dette.